



Plan og byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8325 - 20/27488

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

12.05.2020

Detaljreguleringsplan Framo Flatøy - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale frå kultur datert 21. april 2020 på detaljreguleringsplan for Framo Flatøy.

Framo Flatøy ligg tett på og er lett synleg frå viktige friluftslivsområde som Storeknappen, der den universelt utforma turvegen er planlagt, Fageråsen, Håøy med Håøytoppen, og ikkje minst Flatøyosen. Ei utviding av industriområdet vil gjera området endå meir eksponert frå desse friluftslivsområda og såleis kunna forringa opplevingsverdien for brukarar av områda. Det er ikkje tvil om at det er padlarar, roarar og andre som ferdast på Flatøyosen som vil merka mest til utvidinga av industriområdet. Det er viktig at tryggleiken for desse vert ivaretatt ved ei eventuell utviding av området.

I planane som no er lagt fram til uttale er utfyllinga i sjøen redusert i høve til tidlegare planar slik at Gudmundsholmen ikkje er landfast. Dette vurderer me som positivt for friluftslivet, samanlikna med det tidlegare forslaget, då det no vil vera mogleg å padla og ro rundt holmen. I samband med denne endringa i planforslaget er den grønne korridoren på nordsida av industriområdet som leia ut mot Gudmundsholmen endra til nærings- og byggjeformål. Det vert hevda at det då er mindre aktuelt med ferdsel her pga manglande tilgang til holmen og at det vert krav om sikringsgjerd mellom grøntområde og næring. Me støttar dette og kan ikkje sjå at det vil vera særleg attraktivt å driva friluftslivsaktivitetar inne på eit industriområde når det er mange meir attraktive område like i nærleiken. Me har såleis ingen merknader til at den grønne korridoren vert tatt ut av planen.

I planframlegget er det foreslått i riva våningshuset på gnr 1 bnr 307 fordi det ikkje er i bruk som bustad. Dette våningshuset er ei lemstove som skal vera frå første del av 1900-talet. Slike lemstover var frå eit stykke ut på 1800-talet og framover den dominerande bustadtypen i vårt distrikt, men i dag er svært mange av desse bygningane blitt rive eller er endra i svært stor grad. Dei lemstovene som står att bør ein i strekka seg langt for å ta vare på for framtida. At eit bygg med såpass høg kulturminneverdi som dette huset ikkje lenger er i bruk til opprinnleg formål er etter kulturavdelinga si vurdering ikkje eit tilstrekkeleg argument for å riva bygget. Ved å flytta vegen ned til nausta eit par meter vil den ikkje vera i konflikt med huset. Avdeling for Kulturutvikling, idrett og frivilligheit meiner at denne lemstova ikkje bør rivast, men takast vare på for framtida. Bygget og eit lite område rundt huset bør få omsynssone H570 i planen.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

I planforslaget er flyhangaren som i dag er bygd saman med to nabobygg eit frittstående bygg. Kulturavdelinga i svært positiv til dette. Kulturavdelinga er også positiv til at hangaren har fått omsynssone H570 i planforslaget.

Med helsing
Alver kommune Kultur

Eirik Bouwer Utne
Kultursjef

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Ingrid Raniseth

Mottakarar:
Plan og byggesak